

Sunnfjord kommune mot 2030

**Eit kraftsenter med
gode kvardagsliv i verdas vakraste ramme!**

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 – 2030

Vedteken i kommunestyret 17.02.2022



Innhald

Forord	4
Sunnfjord: grøn, mangfaldig og attraktiv.	4
1.1 Sunnfjord mot 2030 – målsetting og strategi	6
1.2 Samanhengen mellom målsettingane og FN sine berekraftsmål	7
1.3 Sunnfjord kommune sin visjon og verdiar.....	8
1.4 Innspel i planprosessen.....	9
1.5 Viktige omgrep brukt i planen	10
1.6 Slik skal vi måle at vi er på rett veg	12
2 Sunnfjord kommune i endring.....	13
2.1 Folketalsutvikling i kommunen vår.....	13
2.2 Folkehelse og levekår.....	15
2.3 Klima og miljø	15
2.4 Bustadutvikling	16
2.5 Næringsutvikling, arbeidsplassar og kompetanse ...	17
3 Vi skapar det gode kvarldagsliv for innbyggjarane våre..	20
3.1 Vi jobbar for berekraftig tettstad- og byutvikling.....	20
3.2 Vi skal vere ein inkluderande kommune med gode buminljø, trygge og aktive innbyggjarar	21
3.3 Vi skal ha eit klimatilpassa samfunn, god beredskap og ansvarleg kommuneøkonomi.	23
3.4 Vi jobbar i lag for å skape og utvikle kommunen vår - saman blir vi drivande gode!	24
4 Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet	26
4.1 Vi styrkar Førde som regionby	26
4.2 Vi utviklar kommunen og Førde som utdanningsby .	27
4.3 Vi skal jobbe for grøn næringsutvikling, innovasjon, entreprenørskap og berekraftig bruk av naturressursar.....	28
4.4 Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet.	31
5 Arealstrategi.....	33
5.1 Effektiv arealdisponering.....	33
5.2 Utbyggingsmønster og senterstruktur	33
5.3 Store vegprosjekt på riks- og fylkesvegnettet.....	34
5.4 Næringsareal	35
5.5 Overordna strategiar for arealplanlegging i Sunnfjord kommune	37
6 Kommuneplanen sin handlingsdel	39
6.1 Økonomiske handlingsreglar.....	39
6.2 Mål og utviklingsretning i økonomiplanen	39
6.3 Tiltak for oppfølging av mål i årsbudsjett.....	40
6.4 Samanhengen i plansystemet.....	41

Sunnfjord kommune mot 2030 - kort fortalt!



Hovudmål:

**Sunnfjord kommune skal sikre
folketalsvekst og berekraftig
utvikling i heile kommunen gjennom
å vere grøn, mangfoldig og attraktiv**

Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen er ein plan for korleis kommunen skal utvikle seg dei neste åra. Den er kommunens overordna helsekaplege styringsverktøy.

Planen har to delar: samfunnssdel og arealdel. Samfunnssdelen set føringar for samfunnsutviklinga og tenester, medan arealdelens fastset prinsipp for bruk av arealet vårt. Dette dokumentet er kommuneplanens samfunnssdel. Den har perspektiv fram til 2030 og seier noko om korleis vi skal møte framtidige trendar og utfordringar i kommunen vår og sikre god samanheng mellom politikk og økonomi.

Kva er det aller viktigaste?

Det to satsingane våre er **gode kvardagsliv** og **regionmotor**.

1. Gode kvardagsliv betyr at alle skal ha det bra der dei bur, enten dei er unge eller eldre.

2. Regionmotor handlar om å utvikle Sunnfjord kommune og Førde by som leilande regionsentrar på Vestlandet. I samfunnssdelen kan du lese meir om korleis vi skal få det til.

Kvifor skal eg bry meg?

Du som bur i Sunnfjord kan bidra til å gjøre lokalsamfunnet betre! Saman kan vi skape ein endå betre kvardag for alle, vekst og eit lokalsamfunn der alle føler seg heime.

Visjonen vår: Saman blir vi drivande gode

Verdiane våre: Vi er EIN - Engasjerte - Inkluderande - Nær

Slik les du planen:

- Kapittel 1, "Sunnfjord: grøn, mangfoldig og attraktiv", er ei innleiring til kommuneplanen, og skildrar også prosessen med å hente idear og innspel frå andre i arbeidet med ny kommuneplan. Her er også kortversjonen av planen.
- Kapittel 2, "Sunnfjord kommune i endring", presenterer det store bakteppet for politikken i kommuneplanen. Kapittelet trekker opp trendar og utfordringar som Sunnfjord må forholde seg til.
- Kapittel 3 og 4 er delt inn i mål og delmål. Under kvart tema skildrar vi no-situasjonen, mål for utviklinga og strategiar for å kome dit.
- Kapittel 5 er Sunnfjord kommunes arealstrategi.
- Kapittel 6 gjeld kommuneplanens handlingsdel og skildrar korleis føringar i samfunnssdelen blir fulgt opp dei fire neste åra eller meir.

Forord

Sunnfjord: grøn, mangfaldig og attraktiv. - Saman blir vi drivande gode!

Sunnfjord kommune sin ambisjon er å vekse og utvikle seg på ein berekraftig og livskraftig måte. Vi har fått mange gode innspel til samfunnsplanen frå innbyggjarane våre, og vi har lytta til og brukta innspela i planen. For å få ei god utvikling i Sunnfjord, må vi samarbeide!

Samfunnet må byggast nedanfrå. Difor er lokalsamfunn og lokalpolitikk viktig. Vi har laga mål for kommunen vår som skal gje retning for dei vala vi tek. Det er det samfunnsplanen handlar om.

Sunnfjord kommune har ei viktig rolle. Vi skal yte gode tenester, legge til rette for ei positiv utvikling og vere ein aktiv samfunnsutviklar. Det er folk som skapar og driv utviklinga i kommunen. Innsats og lagarbeid frå næringsliv, innbyggjarar, tilsette og politikarar vil vere avgjerande. Vi har mange gode føresetnader for å lukkast, for saman blir vi drivande gode!

- Saman skal vi skape gode kvardagsliv og livskraftige samfunn i heile Sunnfjord kommune.
- Saman skal vi utvikle Førde som regionsenter og viktig knutepunkt på Vestlandet, og den mest attraktive byen mellom Bergen og Ålesund.
- Saman skal vi sikre at Sunnfjord er ein kommune der folk ynskjer å leve og bu, drive næring og besøke.

Folk som bur i Sunnfjord har kultur for å få til ting i lag. Vi har ein måte å drive utvikling på som har gitt resultat. Vi er kjende for entreprenørskap og nyskaping, og vi produserer rein mat og fornybar energi. Vi har gode skular og barnehagar, og eit mangfald av fritids- og idrettsaktivitetar. Vi har store naturressursar, eit aktivt landbruk og gode sosiale nettverk. Vi har byen Førde, med eit mangfald av spennande arbeidsplassar, eit godt kulturtibod, og eit variert teneste- og servicetibod og ikkje minst eit aktivt friluftsliv.

Vår luksus er at vi kan velje å bu urbant i 10-minuttsbyen Førde, med alle tenester i nærleiken. Vi kan velje å bu landleg i naturskjonne omgjevnader i andre delar av kommunen, som til dømes i Jølster, Naustdal eller Gauldalen. Kombinasjonen av by og bygd med landlege kvalitetar gir oss eit stort fortrinn når vi skal utvikle samfunnet vårt, byen vår og regionen vår vidare fram mot 2030. Vi har litt av alt!

Men dette er ikkje nok i seg sjølv. Vi vert også påverka av drivkrefter utanfrå. Urbanisering, klimaendringar, ny teknologi, digitalisering og globalisering er sterke drivkrefter som vi må ta omsyn til i samfunnsplanlegginga. Folketalsveksten har bremsa opp. Vi blir fleire eldre enn unge. Mange verksemder slit med å rekruttere arbeidskraft. Klimaendringar får konsekvensar også for våre kvardagsliv i form av meir ekstrem nedbør, rasfare og flaum. Dette må vi planlegge for. Det handlar om å skape positive ringverknader og å redusere dei negative. Sunnfjord kommune har posisjonert seg godt på ei rekke område, men i dette landskapet treng vi meir kunnskap, større innsikt og gode økonomiske rammer.

Målsettingane i samfunnsplanen bygger på innspel frå innbyggjarar, politiske verkstader, skulelevar og tilsette. I botn ligg FN sine berekraftsmål, nasjonale føringar, endringskrefter i samfunnet og eigne ressursar og ambisjonar. Berekraftmål nr. 17 - samarbeid for å nå måla - ligg som ein grunnpilar i planen. Vi løyser ikkje alt, men det vi gjer, skal føre oss i retning av eit meir sosialt, miljøvennleg, og økonomisk berekraftig samfunn. Eit berekraftig miljø er ein føresetnad for å legge til rette for sosial og økonomisk berekraft.

I samfunnsplanen løfter vi fram våre sterke sider. Dei må vi dyrke og gjødsle for å vere attraktive i framtida. Vi har gode kvardagsliv! Vi er ein motor i vår *region på Vestlandet!*


Men vi skal bli betre! Vi må vere nysgjerrige og lære av andre som har lukkast, og av og til må vi tote å feile.

Samfunnsplanen peikar ut kursen og legg strategiar for korleis vi kan nå måla våre. Den jobben skal vi gjere i lag, og vi inviterer alle med på laget!




Jenny Følling

Ordførar Sunnfjord kommune



Kilde: Norsk versjon av originalgrafikk på engelsk
laget av Azote AB-Stockholm Resilience Centre

1.1 Sunnfjord mot 2030 – målsetting og strategi



Strategi


- Vi jobbar for berekraftig tettstad- og byutvikling
- Vi skal vere ein inkluderande kommune med gode bumiljø, trygge og aktive innbyggjarar
- Vi skal ha eit klimatilpassa samfunn, god beredskap og ansvarleg økonomi
- Vi jobbar i lag for å skape og utvikle kommunen vår; saman blir vi drivande gode!

Strategi

- Vi styrkar Førde som regionby
- Vi utviklar kommunen og Førde som utdanningsby
- Vi skal satse på grøn næringsutvikling, innovasjon, entreprenørskap og berekraftig bruk av naturressursar
- Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet

FN sine berekraftsmål og Sunnfjord kommune sin visjon og verdiar ligg som ein overbygning for hovudmålet i samfunnsdelen. I hovudmålet ligg det ein ambisjon om at vi ynskjer at folk skal bli buande i Sunnfjord og fleire skal flytte hit. For å få dette til, så må vi skape aktivitet og vekse innanfor naturen si tolegrens.

1.2 Samanhengen mellom målsettingane og FN sine berekraftsmål



SUNNFJORD



1.3 Sunnfjord kommune sin visjon og verdiar

Sunnfjord kommune har vedteke nokre verdiar som gjeld for oss som arbeider i og for Sunnfjord kommune. Verdiane byggjer vidare på Sunnfjord kommune sin visjon. Verdiane er styrande for måten vi kommuniserer og prioriterer på. Dei tek opp i seg styrkane vi har, støttar opp under ambisjonen om utvikling, og skal bidra til at vi tek samfunnet i retning av visjonen vår.



Engasjert

Ein engasjert kommune er ein komune som til ei kvar tid veit at dei jobbar for innbyggjarane.

Kommunen bryr seg om menneske, bygg, natur og kommunen si framtid, er handlekraftig og har god driv framover.

Den engasjerte kommunen er bygd på kompetente, kunnsapsrike og framtidsretta menneske, som vil kommunen sitt beste, og som står på for å hjelpe og yte service.

Inkluderande

Ein inkluderande kommune er ein raus og open kommune, med tilsette som møter alle med respekt. Kommunen ser alle, og søker å møte alle sine behov på ein open og imøtekommende måte.

Kommunen er samlande for alle som arbeider her.

Nær

Ein nær kommune er ein kommune du har tillit til. Ein nær kommune kjenner innbyggjarane sine og tar dei på alvor.

Innbyggjarane kjenner seg trygge i møte med kommunen, og dei veit at dei som arbeider her er til å stole på.

I kommunen jobbar vi tett med kvarandre - og tett på innbyggjarane.

1.4 Innspel i planprosessen

I arbeidet med kommuneplanens samfunnssdel, har deltaking og medverknad frå Sunnfjord sine innbyggjarar vore viktig. Vi hadde ynske om å arrangere folkemøter og reise ut på møtestadar til dei eldre innbyggjarane våre og studentane i kommunen. Dette let seg dessverre ikkje gjere grunna koronapandemien. Vi har derfor i stor grad nytta digital medverknad.

Slik har vi henta innspel:

- Møter med kommunedirektøren si leiargruppe og einingsleiarane i kommunen
- Politiske verkstader med kommunestyret
- Verkstad med Eldrerådet, Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet
- Møte i regionalt planforum
- Sosiale medium: Innbyggjarar vart oppmoda om å bruke #minhjartestadisunnfjordkommune i sosiale medium for å synleggjere kva plassar i kommunen som var viktige for dei.
- Born og unge: Skuleklassar vart utfordra til å teikne "Min hjartestad i Sunnfjord kommune" - kva stader og møteplassar er viktige for dei unge i kommunen vår.
- Digital spørjeundersøking retta mot innbyggjarar og potensielle tilflyttarar i aldersgruppa 18 – 45 år.
- Resultat frå Sunnfjord Utvikling si undersøking om rekruttering og flyttevilje, retta både mot dei som vil flytte til kommunen og mot næringslivet.
- Det var også brei medverknad i høyringsfasen, og vi fekk inn om lag 70 innspel til høyringsutkastet.



Min hjartestad i Sunnfjord kommune - innspel frå skuleelever

Sunnfjord i 2030:

«Målet må vere å ta vare på distriktet framfor å jage etter ein større bystatus. Det som er fint med Sunnfjord er eit mangfold av tilbod knytt til distriktet, den fagre naturen, friluftsliv, fritidstilbod, skular, jobbar og sosiale samleplassar. Sunnfjord er det beste av det beste ved at vi tek vare på distriktet samstundes som ein kan få ein liten smak av bylivet i sentrumkjernen. "Vi" som vil bu i Sunnfjord vil bu i distriktet og ikkje i storbyen som t.d Bergen.»

(innspel frå innbyggjarar)

1.5 Viktige omgrep brukt i planen

Samskapande kommune


Vi skal vere ein samskapande kommune. Vi skal bli flinkare til å utvikle nye løysingar saman med andre – ikkje berre internt i kommunen, men også med innbyggjarar, næringsliv, forskingsmiljø og frivillige organisasjonar.

Gode kvardagsliv

Gode kvardagsliv handlar om at alle i Sunnfjord kommune, uavhengig av alder, skal ha det bra der dei bur. Eit godt liv vert skapt saman med familie og vener, i arbeidsfellesskap og nettverk, og i aktive lokalmiljø. Sunnfjord kommune vil vere med å skape gode rammer rundt innbyggjarane sine liv. Vi ynskjer å utvikle driftige og inkluderande lokalmiljø med aktive innbyggjarar som sjølv deltek og klarar seg best mogeleg gjennom heile livet. Mangfald blandt innbyggjarane skal vere ein ressurs for utviklinga gjennom medverknad og samskapning.

Regionmotoren Sunnfjord kommune

Rolla som regionmotor handlar om at vi skal vere i førarsetet for relasjonsbygging, nærings- og samfunnsutvikling i vår del av Vestland. Vi skal vere ei drivkraft for å generere nye arbeidsplassar, kompetanseutvikling og næringsvekst. Sunnfjord kommune er vertskommune for ei rekke store bedrifter, kultur- og kompetanseinstitusjonar. Dette gir oss mogelegheit for utvikling som vi i endå større grad må nytte oss av. Vi skal vidareutvikle eit mangfaldig og konkurransedyktig næringsliv i heile kommune og styrke Førde som regionby. Eit godt utvikla offentleg tenestetilbod og



ein framtdsretta offentleg infrastruktur vil vere avgjerande for å lukkast med dette.

Attraktiv kommune

Attraktivitet handlar om å utvikle gode og velfungerande kommunar og regionar der innbyggjarar, næringsliv og besökande ønsker å vere. Målet for arbeidet med attraktivitet er vekstkraftige og inkluderande lokalsamfunn.

Det finst ingen ferdig konkret oppskrift på korleis vi kan skape ein attraktiv kommune, men forskarar meiner at vi skapar attraktivitet ved å gjennomføre endringar og gjere ting kontinuerleg betre i lokalsamfunnet – og betre enn det vi har føresetnader for. Det kan knyte seg til fysiske ting som sentrumsutvikling, tomter, bygningar, attraksjonar og tenester,

men også til omdømme eller kulturelle forhold som samarbeidsånd, optimisme og pågangsmot. Kva som fungerer varierer frå plass til plass, men vi veit at arbeidsplassar får folk til å flytte til kommunen, medan trivsel og gode tenester får folk til å bli buande. Endring og mobilisering er avgjerande for om dette arbeidet lukkast!

Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling er ei utvikling som gjev økonomisk vekst og betre levekår for folk i dag utan å tære på livsgrunnlaget for framtidige generasjonar.

FN sine berekraftsmål ligg til grunn for målsettingane i planen vår. I praksis betyr berekraftsmåla at:

- alle innbyggjarane i kommunen skal vere likeverdige, likestilte og ha gode kvardagsliv
- all utvikling skal skje innanfor naturen si bereevne og med ein stadig reduksjon av klimagassutslepp
- verdiskapinga skal vere driven av kunnskap og berekraftig, og velferdsutviklinga skal kome heile samfunnet til gode

Trygg kommune:

Det skal vere trygt å bu i Sunnfjord. Kva som skapar tryggleik er ulikt frå person til person. Det kan vere å kunne gå ute åleine på kveldstid, oppleve godt naboskap, at borna kan leike fritt i nærområdet, men også at ein har fast inntekt og gode relasjonar. Innbyggjarane våre skal oppleve at det er trygt å ferdist mellom heim, skule, jobb og aktivitetar.

Å skape ein trygg kommune handlar også om at vi skal ha gode planar og beredskap for å handtere uønska hendingar eller krisesituasjonar. Det handlar også om at bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn er tilpassa, har redusert sårbarheit i møte med dagens og framtidas klima. Vi må også sikre ein forsvarleg kommuneøkonomi for å kunne gje innbyggjarane det dei treng for å vere trygge i kvarldagen.

Grøn kommune:

Å bli ein grønare kommune handlar om at vi skal vere eit føredøme i arbeidet for eit klima- og miljøvenleg samfunn, ta vare på naturen og sikre naturmangfaldet og kulturlandskapet. Det grøne skiftet får konsekvensar for oss på alle område: korleis vi bur, kva vi et, korleis vi reiser og korleis vi jobbar. Vi må finne langsiktige og berekraftige løysingar på mange område. Sunnfjord kommune har som mål å ta minst sin del av dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon. Nasjonalt mål er minst 40 % utsleppskutt innan 2030 i forhold til 1990-nivå.

Mangfold: ein kommune for alle og ein kommune som ynskjer å tilby noko for alle

Kva er kommunen sine særlege fortrinn og særtrekk? Kva kan vi by på?

Sunnfjord kommune har mange kvalitetar vi kan vere stolte av: Her kan vi velje å leve sentralt eller landleg. Vi er på linje med større byar på kva vi kan tilby av differensierte arbeidsplassar med gode familjø, noko som også gjer at det er mogeleg å bytte jobb utan å skifte bustadadresse. Vi har eit mangfold av kultur- og idrettsaktivitetar, og vi kan velje om vi vil nyte flott natur og friluftsliv, ha ein meir urban livsstil eller litt av begge delar. Vi kan også tilby innbyggjarane ein **saumlaus kvardag**

fordi det er raskt og enkelt å ferdast mellom heim, skule, jobb og aktivitetar – anten ein vel bil, kollektiv, sykkel eller går. Dette er noko vi må jobbe vidare med å styrke.

Fordi vi kan tilby litt av det meste, og ynskjer å vidareutvikle dette, har vi også eit godt grunnlag for å skape mangfold og variasjon i kven innbyggjarane våre er. Om ein er ung eller gamal, einsleg eller par, ulik utdanning, ulik sosial bakgrunn, ulik seksuell legning eller verdisyn, med eller utan barn, student, yrkesaktiv eller pensjonist, eller frå ulike etniske nasjonalitetar, så skal Sunnfjord kommune ha noko å tilby alle og alle skal vere velkomne! Ulikskap er ei sterk drivkraft i utviklinga av kommunen vår.

Klima- og arealnøytral arealbruk

Klimanøytral arealbruk i Sunnfjord kommune vil seie at den samla arealbruken i kommunen bidreg til at kommunen når måla om reduserte utslepp, i tråd med klimaomstettingsplanen 2019-2030 og klimabudsjettet for kommunen.

Arealnøytral arealbruk i Sunnfjord kommune vil seie at den samla arealbruken bidreg til å stoppe tapet av naturmangfold. Det betyr at vi bør bruke opp att og fortette allereie utbygde areal framfor å bygge ned natur og dyrka mark (jordvern).

Sirkulære Sunnfjord

Sirkulær økonomi handlar om at det vi produserer skal tære mindre på jorda sitt ressursgrunnlag. I ein sirkulær økonomi skal produkta vare så lenge som mogeleg, bli reparert, oppgradert, bli brukt om att og gjenvinnast til ny råvareproduksjon. I prosjektet Sirkulære Sunnfjord er det eit

mål å få fram 3-5 pilotprosjekt i kommunen for sirkulære innovasjonar innan varehandel, bygg og anlegg.

1.6 Slik skal vi måle at vi er på rett veg

Kommuneplanen er overordna alle andre planar i kommunen. Målsettingane er derfor også på overordna nivå, og vert meir konkretisert i handlingsdelen til kommuneplanen. I tillegg vil også planar som skal følgje opp dei ulike strategiane vere meir konkrete i målsettingane. Måla vil bli bygd opp etter SMART-modellen: Spesifikt, Målbart, Attraktivt, Realistisk og Tidsbunden.

Det er utfordrande å finne gode måleindikatorar på overordna nivå, men vi har tilgang til ein del relevant statistikk som kan gje oss peikepinn på om det skjer endringar, og om endringane går i den retninga vi ynskjer. Døme på slike verktøy vi vil bruke er:

- Statistikk over folketalsutvikling (SSB)
- Folkehelseprofil for Sunnfjord kommune
- Kostratal (KommuneStatRapportering)
- Kommunal rapport sitt kommunebarometer
- NHO sitt kommuneNM som har særkilt fokus på næringsliv og sysselsetting
- Brukar- og innbyggjarundersøkingar
- Klimastatistikk

I handlingsdelen til kommuneplanen vil mål og tiltak vere meir konkrete, og det er enklare å spisse måleindikatorane.

2 Sunnfjord kommune i endring

Verda er i stadig endring. Globale trendar påverkar oss også lokalt i Sunnfjord og fører med seg utfordringar og dilemma. Desse trendane påverkar både samfunnsliv, arbeidsliv og naturen over lang tid og i stort omfang.

- Klimaendringar skjer faretruande raskt og behovet for utsleppskutt er stort. Eit varmare, våtare og villare vèr legg føringar for korleis vi utformar kommunen vår.
- Demografien er prega av færre fødde, auka levealder, endra helseutfordringar og auke i flyttestraumar. Vi får fleire eldre og færre i arbeid, aukande forskjellar i levekår og utanforskap.
- Urbanisering skjer ved at fleire vel å bu sentralt og konkurransen om innbyggjarane og arbeidskrafta aukar.
- Digitalisering har endra måten vår å kommunisere på, vere familie på, organisere liva våre på og drive forretning på. Kommunikasjon er i mindre grad stadavhengig, tilgang til informasjon er uavgrensa, robotisering erstattar og skapar nye arbeidsplassar.

Regionalt vert det peika på følgjande utfordringar:

- Klimaomstilling
- Balansert areal- og naturressursbruk
- Gode transportsamband og smart mobilitet
- Grøn konkurransekraft
- Digitalisering av samfunnet; gje alle høve til å delta i dette

- Relevant kompetanse og kunnskap
- Attraktive stader og gode nærmiljø; sikre aldersvenleg samfunn og gode møteplassar
- Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
- Sikre eit likeverdig samfunn der vi tryggar sysselsettinga, reduserer økonomisk ulikskap, reduserer den sosiale effekten av økonomiske skilnader og førebygge utanforskap
- Styrke den lokale tilknytinga til ungdom gjennom satsing på ungdomskultur, tilgang på utdanning og bustad.

Å møte desse globale og regionale trendane på ein berekraftig måte blir premiss for å lukkast med å utvikle Sunnfjord kommune. Vi har løfta fram og vurdert fem område som er viktige for oss:


- Folketal og folketalsutvikling
- Folkehelse og levekår
- Klima og miljø
- Bustadutvikling
- Næringsutvikling, arbeidsplassar og kompetanse

2.1 Folketalsutvikling i kommunen vår

Folketalsutviklinga med demografiske endringar og mangel på kvalifisert arbeidskraft er blant våre to største utfordringar. Per 1.1.2021 var vi 22 020 innbyggjarar i kommunen. SSB analyserer framskriving av folketalet etter høg, middels og låg vekst. Forventa tal innbyggjarar i Sunnfjord kommune i 2050 ved middels vekst er 22427. Dette svarar til ein samla vekst på 2,0 %. Den forventa veksten i folketal skuldast primært at vi lever lengre enn før, og i mindre grad auke i tilflytting eller fødselsrate.


Dersom vi lukkast med målsettingane i samfunnsplanen om å gjere oss attraktive og få ein god folketalsvekst, så kan vi nærme oss framskrivingane for høg vekst som betyr at vi nærmar oss 25 000 innbyggjarar i 2050!

Figuren under syner forventa folketalsutvikling i Sunnfjord kommune fram mot 2050.



Figur 1 Framskriving av folketalet i Sunnfjord kommune etter låg, middel og høg vekst. Kjelde: SSB

Dei 2 figurane nedanfor viser folketalsutviklinga for ulike aldersgrupper i Sunnfjord kommune fram mot 2040.



Figur 2 Forventa folketalsvekst i Sunnfjord kommune mot 2040 fordelt på aldersgrupper

Sunnfjord kommune har ei demografisk endring i folkesamusetnaden mot 2050 som er nokså lik mange andre kommunar i landet:

- Nedgang i tal born og unge i alderen 6-18 år
- Svak nedgang i tal innbyggjarar i yrkesaktiv alder
- Vekst i tal innbyggjarar i alderen 67 år og eldre

Ved middels nasjonal vekst blir elevtalet redusert med 694 elevar fram mot 2040. I 2029 vil nedgangen vere på 631

elevar. Reduksjonen i elevtal vil vere dramatisk dei 10 første åra og skulestrukturen må tilpassast ei slik utvikling.

Elevtalet minkar og andelen i aldersgruppa 80 år og eldre aukar. Fram mot 2040 vil det i Sunnfjord kommune vere dobbelt så mange personar over 80 år som det er i dag. Desse endringane krev meir universell utforming av løysingar og tenester og ei stor omstilling av tenestetilbodet. Eldre innbyggjarar krev meir tenester enn yrkesaktive innbyggjarar. Når den relative andelen eldre veks, aukar også forsørgarbyrda på den yrkesaktive delen av innbyggjarane. Det er derfor viktig at Sunnfjord kommune jobbar aktivt med å rekruttere innbyggjarar i yrkesaktiv alder for å få ei meir berekraftig alderssamsetnad.

Samstundes skal vi ha med oss at eldre i dag er friskare enn før – dei held seg aktive lengre og kan framleis vere ein ressurs for samfunnet. Vi må difor jobbe for at dei eldste innbyggjarane våre held seg aktive slik at vi kan nytte potensialet som ligg i ressursane som seniorane våre har!

2.2 Folkehelse og levekår

Folkehelsearbeid handlar om å jobbe for å fremje innbyggjarane si helse og trivsel, og redusere dei faktorane som kan påverke dette negativt. Sunnfjord kommune har generelt ei god folkehelse blant innbyggjarane. Det betyr likevel ikkje at vi ikkje har noko å jobbe med. Barnefattigdom og fråfall i skulen er noko vi må ha kontinuerleg merksemd mot. Ètt barn i fattigdom eller éin elev som fell ut av skulen er éin for mykje!

Særleg positive trekk ved folkehelsa blant innbyggjarane er t.d.¹:

- Vi har lågare andel som bur i hushald med låg inntekt
- Vi har færre åleinebuarar over 45 år
- Vi har aktive ungdomskuleelevar
- Vi har høgare forventa levealder både blant menn og kvinner
- Vi har høgare andel innbyggjarar med vidaregåande skule eller høgare utdanning i aldersgruppa 30-39 år
- Vi har svært god trivsel på skulen blant elevar i 10. Klasse.


2.3 Klima og miljø

Sunnfjord kommune har store område med verdifulle landbruksareal, viktige friluftsområde og unike natur- og landskapsverdiar. Stor utbyggingsinteresse i kommunen kan kome i konflikt med desse verdiane. Fleire innbyggjarar krev meir plass, og med auka transportbehov aukar også klimagassutsleppa. I framtida vil det vere viktig å utforme ein heilsakleg lokal areal- og transportpolitikk som tar omsyn til klima, natur og miljø.

Sunnfjord kommune sin plan for klimaomstilling vart vedteken i 2019. Det er eit mål å redusere dei direkte klimagassutsleppa med 50 % i forhold til 2015-nivå. Utsleppa på nasjonalt nivå har endra seg lite sidan 1990. Det finst ikkje gode statistikkar for kommunane så langt tilbake. Dei direkte utsleppa frå Sunnfjord kommune i perioden 2009-2019 har endra seg lite. Årlege endringar heng saman med kor mange store byggje- og anleggsprosjekt som er i gong, til dømes nye strekningar på E39 i tidlegare Gaular og Jølster. Jordbruk står for 43 % av


¹ [Folkehelseprofil for Sunnfjord kommune](#) (Folkehelseinstituttet)

utsleppa, medan vegtrafikk utgjer 39 %. Vegtrafikk og jordbruk er dei store utsleppssektorane.



Figur 3 Direkte utslepp i Sunnfjord kommune 2009-2019 Kjelde: Miljødirektoratet

Figuren under viser kva som er dei største utsleppskjeldene og fordelinga mellom dei ulike sektorane i kommunen si tenesteyting:



Figur 4 Klimafotavtrykk for kommunen som verksemd (Kjelde: Klimakost)

2.4 Bustadutvikling

Arbeid og bustad er av dei grunnleggande tilhøva som må på plass om folk skal flytte til og bli buande i Sunnfjord kommune. Eitt av fortrinna våre er at vi kan legge til rette for ulike typar bustader og buformer i kommunen, både urbant og landleg. Vår rolle er å legge til rette for attraktive bustader og bumiljø i heile kommunen, samt legge til rette for busetjing på fråflytta gardsbruk.

Det er bra byggeaktivitet i Sunnfjord kommune. I 2020 vart det sett i gang bygging av 137 bustader og 151 bustader vart fullførte.

	2016	2017	2018	2019	2020
K-4647 Sunnfjord					
Igangsatte boliger	186	89	95	132	137
Fullførte boliger	80	148	112	82	151

Figuren under syner fordelinga av typar bustad i Sunnfjord kommune:

		Andel boliger (prosent)	
		2020	2021
4647 Sunnfjord	Enebolig	62	61
	Tomannsbolig	9	9
	Rekkehus, kjedehus og andre småhus	14	15
	Boligblokk	9	10
	Bygning for bobillesskap	2	2
	Andre bygningstyper	3	3

Figur 5 Kjelde: <https://www.ssb.no/statbank/table/12941/tableViewLayout2/>

Sunnfjord kommune har vel 11 000 bustader der flesteparten er einebustader (knappe 7000). I tillegg har kommunen 1650 fritidsbustader. 7317 av bustadane i Sunnfjord kommune ligg i tettbygde strøk, medan 3754 ligg i spreiddbygde strøk. 88 % av bustadane i spreiddbygde strøk er einebustader, medan andelen er 47 % i tettbygde strøk.

2.5 Næringsutvikling, arbeidsplassar og kompetanse

Sunnfjord kommune er kjent for sitt spennande næringsliv, sine mange varierte arbeidsplassar og ein skaparkultur med initiativrike ressursar. Vi er ein kommune rik på mineralressursar, med god tilgang på kraft, sterke teknologi-

elektro- og automasjonsklynger og med stort potensiale for å utvikle berekraftig reiseliv.

Med sine over 12 000 arbeidsplassar, der hovudtyngda er lokalisert i Førde, er Førde eit sentrum i den mest kraftfulle bus- og arbeidsmarknadsregionen mellom Bergen og Ålesund.

Dei to største arbeidsgjevarane i kommunen er Førde Sentralsjukehus og Sunnfjord kommune, men Førde har dei siste åra blitt kjent for eit veksande, nyskapande innovasjonsmiljø. Særleg Peak Sunnfjord har utmerka seg som eit moderne, framoverlent og inspirerande kontorfellesskap for gründerar, oppstartselskap, etablerte teknologibedrifter og verkemiddelapparat. Klyngesatsing og tettare samarbeid mellom offentleg og privat sektor er blitt større og sterkare.

Sunnfjord kommune er i stor grad eit integrert bu- og arbeidsområde der dei aller fleste både bur og jobbar i kommunen. Per 01.01.20 var det 1608 innbyggjarar som pendla til jobb i annan kommune. Tilsvarande har vi knappe 2000 personar som pendlar inn til Sunnfjord kommune for å jobbe.


NHO rangerer kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft, med bakgrunn i tilhøve i næringslivet, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. NHO rangerer Sunnfjord på 8 plass i Vestland fylke og 53 plass nasjonalt.²

Sunnfjord kommune har ein relativt låg andel av privat sysselsetting (57%), og vi har relativt få med fagbrev. Samtidig har vi svært låg arbeidsløyse på 1.1 %, og vi har fleire unge enn eldre arbeidstakrar. Vi har ein svært

² Kjelde: <https://www.nho.no/tema/offentlig-sektor-og-naeringslivet/kommune-nm/>

høg sysselsettingsgrad på 85.5 %, noko som er godt over både fylkes- og landsgjennomsnittet. Dermed er også tal uføre lågt.

Tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse er ein kritisk faktor både for næringslivet og offentleg sektor i dag og i åra framover. 9 % av arbeidstakarane i kommunen har minimum 4 års høgare utdanning. Det er berre Sogndal og Bergen som har større andel høgare utdanning. Det er i dag stor mangel på fagutdanna arbeidskraft, både i regionen og fylket. Rekruttering gjennom lærlingeordningar er derfor viktig framover.



Figur 6 Tal sysselsette i utvalte næringer 2019 Kjelde:
https://www.kommuneprofilen.no/profil/sysselsetting/DinRegion/syss_structur2_region.aspx

Offentleg sektor sysselset flest personar i Sunnfjord med 43 % sysselsetting, men flest arbeidsplassar er det i privat næringsliv (6 905). Handel, bygg og anlegg og kompetanse/anna tenesteyting (finans, teknisk, juridisk og IT) har flest sysselsette i privat næringsliv.

Førde er det største handelssenteret mellom Bergen og Ålesund. Vi har likevel hatt størst nedgang i sysselsette i handel, samt landbruk, dei siste 10 åra. Begge desse

næringsane er inne i ei tid med store endringar, der forbruket og handelsmønsteret kan forsterke denne utviklinga.

Sunnfjord Utvikling AS (SU) er kommunen sitt utovervende nærings- og tiltaksapparat. Føremålet er å bidra til utvikling i Sunnfjord. Dei skal hjelpe nye etablerarar, og legge til rette for at eksisterande næringsliv kan utvikle seg vidare og skape ny aktivitet.

Strategisk næringsplan for Sunnfjord 2019-2022 har som overordna mål: **«Sunnfjord kommune skal vere ein sterk vekstregion i nye Vestland fylke»**. I planen vert det vist til at: «Næringslivet har potensiale for vekst, men vår største utfordring er tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse». Dei demografiske endringane påverkar arbeidskraftbehovet negativt – det vert monaleg færre arbeidstakrarar i 2040 samanlikna med i dag.

3 Vi skapar det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre

Dette må vi gjere for å skape eit godt kvardagsliv for innbyggjarane våre:

- Vi jobbar for berekraftig tettstad- og byutvikling
- Vi skal vere ein inkluderande kommune med gode buminjø, trygge og aktive innbyggjarar
- Vi skal ha eit klimatilpassa samfunn, god beredskap og ansvarleg økonomi
- Vi jobbar i lag for å skape og utvikle kommunen vår - saman blir vi drivande gode!

3.1 Vi jobbar for berekraftig tettstad- og byutvikling

Slik har vi det i 2022:

- Førde by er kommunesenter og geografisk plassert midt i kommunen. Sande, Naustdal, Vassenden og Skei er lokalsenter, og Bygstad og Viksdalen er nærsenter.
- Det er etablert nærmiljøråd i tettstadane Naustdal, Skei, Vassenden, Sande, Bygstad og Viksdalen. Desse skal

bidra til å løfte fram gode utviklingstiltak i dei ulike tettstadane, og fremme vekst og utvikling i kommunen som heilskap.

- Førdepakken starta opp i 2016 og var planlagt fullført i 2023, men arbeidet er forseinka. Formålet er å sikre ein miljøvenleg og stabil trafikksituasjon i Førde, og legge til rette for fortetting og byutvikling.
- Førde har status som sykkelby
- Vi har stor innpendling til kommunen vår, både for å jobbe, besøke handelsnærings og offentlege tenester. Bilen er derfor eit viktig framkomstmiddel for mange innbyggjarar og besökande, og det må vi ta omsyn til.

Sunnfjord i 2030:

«Då scorar skular og barnehagar høgt på kvalitet og trivsel , det er utvikla mange møteplasser for småbarnsfamilier, E 39 er lagt uteom sentrum, og det er enkelt å skaffe seg plass å bu». (innspeil frå innbyggjar)

Slik vil vi ha det i 2030:

- «Den saumlause kvardagen i Sunnfjord»: Det er enkelt og raskt å ferdast mellom heim, skule, jobb og aktivitetar
- Vi har eit sterkt kommunesenter og attraktive lokalsamfunn i kommunen
- Innbyggjarane våre ser klima- og miljøvenlege transportløysingar som det naturlege førstevalet.
- Vi har sikra at det er nok areal til barnehagar, skular og anna kulturell og sosial infrastruktur i alle nabolag
- Vi har gode myldrepllassar som inviterer til sambruk og samhandling mellom folk med ulik alder, bakgrunn og behov

- Vi har lokale tilbod for idrett, kultur og rekreasjon i heile kommunen, som gjer det lett å leve sunne og gode liv.

Dette gjer vi for å få det til:

- Vi bygger vidare på eksisterande by- og tettstadstruktur
- Vi sikrar at areala våre vert brukt på ein slik måte at det fremmar gode oppvekstmiljø, blågrøne kvalitetar og miljøvenlege transportformer
- Vi jobbar for å auke bruken av gange, sykkel og kollektiv som transportmiddel, samstundes som vi gjer det lettare å køyre utsleppsfrift for dei som har behov for bil.
- Vi legg til rette for eit kortreist kvardagssliv med aktivitet der folk bur og oppheld seg og ein kompakt sentrumsstruktur med korte avstandar
- Vi sikrar trygg ferdsel frå bustadområde til barnehagar, skular, jobb og aktivitetar i nærmiljøa
- Folkehelseperspektivet skal integrerast i kommunale avgjerdss prosessar og planar

Planar som særskilt vil følgje opp strategien:

- Plan for bruk av skulane i Sunnfjord kommune
- Plan for bruk av barnehagane i Sunnfjord kommune
- Sentrumsplan for Førde
- Områdereguleringsplanar: Sande, Vevring, Skei
- Handlingsplan for aktivisering i offentlege rom
- Parkeringsanlegg i Førde sentrum
- Mobilitetsstrategi
- Strategi for folkehelsearbeid

3.2 Vi skal vere ein inkluderande kommune med gode bumiljø, trygge og aktive innbyggjarar

Slik har vi det i 2022:

- Sunnfjord kommune står framfor ei større demografisk endring der vi får fleire eldre og færre unge. Dette vil påverke tenestene og kommuneøkonomien vår.
- Mange flyttar til Sunnfjord kommune, men det er også for mange som flyttar ut av kommunen. Folketalsveksten skuldast fødselsoverskot og tilflytting frå utlandet.
- Sunnfjordskulen har høg kvalitet med gode resultat på nasjonale prøver og elevar med stor grad av trivsel
- Vi har fleire store fleirbruks-/idrettshallar som skapar aktivitet: Naustdal, Bygstad, Sande, Førdehuset, Halbrend, Vassenden og Skei. Vi har også fleire større uteanlegg som Hafstadparken, Bjørkelia, Sunnfjord golfpark, Blomlia og Langeland skisenter.
- Vi har aktivt kultur- og friluftsliv som tilbyr lågterskelaktivitetar for innbyggjarane
- Vi har kartlagt kvar og korleis dei eldste innbyggjarane våre vil bu i framtida
- Sunnfjord kommune har ein god folkehelseprofil

Slik vil vi ha det i 2030:

- «Leve heile livet»: Vi er eit aldersvenleg samfunn der den einskilde har ein meiningsfull og helsefremmande

- kvardag, høg grad av sjølvstende og mogelegheit for deltaking i samfunnet.
- Vi har helsefremmande, trygge og gode oppvekstvilkår for born og unge
 - Sunnfjord kommune skal vere ein så god kommune å bu i at folk ynskjer å bli buande her og nye flyttar til
 - Alle innbyggjarar har høve til å delta på aktivitetar nær der dei bur, og alle born og unge deltek i minst éin fritidsaktivitet.
 - 8 av 10 skuleelevar går eller sykler til skulen fordi vi har trygge skulevegar.
 - Vi har god infrastruktur for kultur-, idrett- og friluftsliv i heile kommunen
 - Vi har eit variert bustadtilbod i heile kommunen tilpassa alle livets fasar, i varierte og trygge bumingjø.
 - Vi har ein mangfaldig frivillig sektor som blomstrar på eigne premissar, bidrar til meiningskapande fellesskap og som samarbeider tett med kommunen om å skape engasjement, gode lokalsamfunn, tenester og tilbod til innbyggjarane.

Dette gjer vi for å få det til:

- Vi skal jobbe for at alle born og unge i Sunnfjord kommune har ein trygg og tilpassa oppvekst, der dei blir inkluderte, har ein god barnehage- og skulekvardag og deltar i eit variert fritidstilbod.
- Vi jobbar heilsakleg og koordinert, og har gode rutinar for tidleg å fange opp born og unge som vi er bekymra for, slik at dei får den hjelpa dei treng.
- Vi sikrar at tenester innbyggjarane har behov for i kvardagen, er tilgjengeleg der dei bur

- Vi legg til rette for at dei eldste innbyggjarane våre meistrar livet lenger og kjenner seg trygge på at dei får god hjelp når dei treng det.
- Vi tar i bruk det potensialet som ligg i eldre som ressurs.
- Vi er ein kommune som sikrar ei god integrering og norskopplæring for våre utanlandske borgarar, slik at desse kan vere ein ressurs både i arbeidsliv og kvardagsliv.
- Næringslivet og offentlege instansar arbeider saman for å sikre integrering og mangfold.
- Vi legg til rette for gode og tilstrekkeleg tal bustader for alle livssituasjonar i heile kommunen, og med gode dele- og fellesskapsløysingar.
- Vi har tidleg dialog og samarbeid med private utviklarar og innbyggjarar for å legge til rette for raskare, billegare og variert bustadbygging.
- Vi reduserer sosial ulikskap og skilhader i levekår gjennom tiltak retta mot låginntektsfamiliar.
- Universell utforming i løysingar og tenester vert lagt til grunn i alt planarbeid.
- Vi jobbar for å sikre eit godt samspel mellom innbyggjarar, kommunen, frivillige og næringslivet.

Planar som særskilt vil følgje opp strategien:

- Plan for bruk av skulane i Sunnfjord kommune
- Plan for bruk av barnehagane i Sunnfjord kommune
- Plan for omsorg – Leve heile livet
- Bustadsosial handlingsplan
- Strategi mot barnefattigdom
- Ungdomsplan
- Plan for kultur, inkludering og frivilligheit

- Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Trafikktryggleiksplan
- Strategi for folkehelsearbeid

- Vi har mange ressursar å spele på i beredskapsarbeidet som er geografisk plassert i kommunen t.d. sjukehus, legevakt, politi og friville hjelpeorganisasjonar.

3.3 Vi skal ha eit klimatilpassa samfunn, god beredskap og ansvarleg kommuneøkonomi.

Slik har vi det i 2022:

- Arbeid med klimatilpassing som følge av eit varmare og våtare klima, legg føringar for både korleis vi utviklar kommunen og kva beredskap vi må ha.
- Jordbruk, veg og transport er dei største kjeldene til direkte utslepp i Sunnfjord kommune. Jordbruksdelen står for 43 % av utsleppa, og den største kjelda er metan frå fordøyingsprosessar i husdyr. Dei andre kjeldene er i hovudsak utslepp frå lagring og spreiling av husdyrgjødsel, og utslepp av lystgass frå dyrking av myr. I vegtrafikken (39 % av utsleppa) er det tungtransport og personbilar som er dei viktigaste kjeldene.
- I kommunen si eiga verksemd er dei største utsleppa frå kommunale bygg, infrastruktur, energibruk og transport. Helse og oppvekst er sektorane med størst potensiale for å redusere klimafotavtrykket.
- Det er store skilnader i klima mellom ulike deler av Sunnfjord: ved fjorden er klimaet mildare og nedbørsrikt, medan det i indre dalstrøk er kaldare og noko mindre nedbør.

Slik vil vi ha det i 2030:

- Sunnfjord kommune er ein trygg kommune med robust teknisk infrastruktur og god beredskap for uføresette hendingar
- Vi har redusert dei direkte klimagassutsleppa med 50 % i forhold til 2015-nivå.
- Bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn er tilpassa og er mindre sårbar i møte med dagens og framtidas klima
- Vi har eit berekraftig landbruk i Sunnfjord kommune
- Skogbruket og skogen er eit viktig nærings- og klimatiltak i Sunnfjord kommune
- Vi er ein nullutsleppskommune når det gjeld klimagass
- Vi har ein sunn kommuneøkonomi med eit langsigkt perspektiv

Dette gjer vi for å få det til:

- Vi skal bli ein meir sirkulær kommune og samarbeider med næringslivet for å identifisere verdikjeder som er eigna for sirkulærøkonomi. Handel- og transportnæringane er hovudmålgruppa.
- Vi utarbeider strategi for grøne innkjøp og transport i kommunale tenester

- Vi jobbar systematisk og heilskapleg slik at vi er organisert og dimensjonert i samsvar med lokal risiko (ROS), lover og forskrifter.
- Vi sikrar at alle som har ei rolle i kommunen si krisehandtering har kompetanse til å utføre oppgåvene sine.
- Vi samarbeider med private, frivillige og andre offentlege aktørar når vi kartlegg, førebygg og avgrensar uønska hendingar
- Vi legg til rette for at eksisterande og framtidige bustadområde er tilstrekkeleg sikra mot auka naturfare som følgje av at klimaet endra seg
- Vi utviklar møteplassar og offentleg infrastruktur med blågrøne løysingar som er tilpassa endringar i klimaet
- Vi handlar i tråd med vedtekne handlingsreglar for økonomistyring
- Vi brukar ny teknologi og innovative løysingar i utviklinga av tenestene våre, som digitale løysingar, sjølvbetjeningsløysingar og velferdsteknologi for å auke inntekter, redusere utgifter og gje betre tenester
- Vi skal systematisere og integrere informasjon om berekraft i rapporteringsrutinar

Planar som særskilt vil følgje opp strategien

- Plan for klimaomstilling
- Strategisk næringsplan for landbruket
- Mobilitetsstrategi for klimavenleg og aktiv transport
- Vassressursplan
- Kommunalteknisk hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø
- Strandsoneanalyse

- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse
- Overordna beredskapsplan
- Økonomiplan
- Eigarmelding
- Kartlegging av natur- og energiressursar
- Kartlegging av naturmangfald

3.4 Vi jobbar i lag for å skape og utvikle kommunen vår - saman blir vi drivande gode!

Slik har vi det i 2022:

- Sunnfjord kommune er enno ein ny kommune – 2 år gammal – og vi har framleis mykje jobb att for å få til god harmonisering av tenester.
- Vi har 83 tenesteeiningar i kommunen og 2200 tilsette.
- Vi er i gang med å gjennomføre systematiske brukar- og medarbeiderundersøkingar

Slik vil vi ha det i 2030:

- Vi er ein kommune som er kjent for å skape aktivitet og tenester i lag med innbyggjarane våre
- Vi er ein engasjert kommune som til ei kvar tid jobbar for innbyggjarane våre
- Vi har kompetente, kunnskapsrike og framtdsretta tilsette som jobbar godt i lag til beste for kommunen

- Vi legg til rette for mangfold blant våre tilsette i kommunen
- Vi driv kunnskapsbasert utvikling gjennom systematisk bruk av forsking, analyse og metodar for samskaping.
- Vi har eit aktivt lokaldemokrati med engasjerte politikarar
- Kompetanseplanar


Dette gjer vi for å få det til:

- Vi gjennomfører brukar- og innbyggarundersøkingar for å sikre kvalitet i tenestetilbodet, og har aktiv medverknad frå innbyggjarane i planprosessar
- Vi prioriterer arbeidsmiljø, bemanning og kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene våre
- Vi brukar og utviklar nye lokaldemokratiske ordningar
- Vi tar i bruk brukarvenlege, digitale løysingar som fungerer saman med kvarandre
- Vi gjer tilsette og innbyggjarar i stand til å bruke digitale løysingar
- Vi sikrar at alle tilsette er godt kjent med kommunen sin visjon, verdiar og kommunikasjonsstrategi
- Vi legg vekt på å forstå innbyggjarane sine faktiske behov, og bruker dette som utgangspunkt for å skape heilt nye tenester og forbetra eksisterande tenester.

Planar som særskilt vil følgje opp strategien

- Digitaliseringsstrategi
- Kommunikasjonsstrategi
- Etiske retningslinjer for Sunnfjord kommune

Min hjartested i Sunnfjord kommune



Min hjartested i Sunnfjord kommune - innspel frå innbyggjarane

4 Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet

Dette må vi gjøre for å styrke Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet:

- Vi styrkar Førde som regionby
- Vi utviklar Førde som utdanningsby
- Vi skal satse på grøn næringsutvikling, innovasjon, entreprenørskap og berekraftig bruk av naturressursar
- Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet

4.1 Vi styrkar Førde som regionby

«Førde som regionsenter er ikkje farleg – det er ein mogelegheit» (sitat frå nabokommunane)

Slik har vi det i 2022:

- Regionbyen Førde er det sterkeste regionssenteret mellom Bergen og Ålesund, og er eit sentralt trafikknutepunkt på Vestlandet.
- I Førde ligg hovudstasjonen til ruteselskapet Firda Billag med daglege bussruter til Oslo, Trondheim og Bergen og nærområdet.
- Førde lufthamn ligg 15 min køyring frå sentrum.
- Førde er vertskommune for nasjonale og regionale forvaltningsorgan, høgskule, sentralsjukehus, fylkeskommune, bank og forsikring. Byen har 9 500 arbeidsplassar.
- Førde er også ein stor handelsby med eit omland på 80 000 innbyggjarar.
- Førde og Sunnfjord kommune er også viktig i ein global kontekst som vertskommune for mellom anna Førde Internasjonale Folkemusikkfestival og Norec.

Slik vil vi ha det i 2030:

- Førde by står fram som eit levande, fungerande og attraktivt sentrum.
- Førde er ein nasjonal hub for statleg og regional offentleg oppgåveløysing
- Gjennom Førdepakken har vi fått ei betre trafikkavvikling gjennom sentrum og ein større del av reisene sentralt i Førde blir gjennomført av mjuke trafikantar.
- Vi har styrka Førde lufthamn sin posisjon slik at vi har eit godt og variert flytilbod
- Næringslivet i Sunnfjord kommune og omlandet utfyller kvarandre, og legg til rette for ein heilskapleg og mangfaldig bu- og arbeidsmarknadsregion

Dette gjer vi for å få det til:

- Vi skal skape eit meir urbant, kompakt, levande og attraktivt bysentrum i Førde
- Vi skal jobbe for å vere ein attraktiv lokaliseringsstad for både ny handel, næringsverksemد, regionale og nasjonale arbeidsplassar
- Vi skal profilere Førde og regionen rundt som ein attraktiv arrangementsstad og skape fleire møteplassar for kultur, idrett, oppleveling og rekreasjon
- Vi skal arbeide for å betre det kollektive transporttilbodet i, rundt og til Førde
- Vi jobbar aktivt med å styrke Førde lufthamn sin posisjon som flyplass for regionen og jobbar for elektrifisering av flytilbodet
- Vi samarbeider med helseføretak og høgskule for å styrke rolla til Førde sentralsjukehus

Planar som særskilt vil følgje opp strategien

- Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Strategi for utvikling av Førdehuset
- Strategisk næringsplan
- Sentrumsplan for Førde
- Handlingsplan for aktivisering av det offentlege rom
- Parkeringsanlegg i Førde sentrum, reguleringsplan
- Kommunal reguleringsplan for Førdehuset med omkringliggende park- og idrettsanlegg, samt areal kring Husmorskulen
- Strategi for studentbyen Førde

4.2 Vi utviklar kommunen og Førde som utdanningsby

Slik har vi det i 2022:

- Vi har i dag tilbod om både vidaregående utdanning, folkehøgskule, fagskule og høgskule, men vi har potensiale til å utvikle dette tilbodet vidare og byggje opp Førde og kommunen som ein god stad å ta utdanning.
- Førde vidaregåande skule er under bygging på Øyrane. Den skal samle dei to vidaregåande skulane på ein stad og gje plass til 1000 elevar. Bygget er planlagt ferdigstilt i 2023. Skulen skal også romme ein idrettshall og tannklinik
- I Førde er det to institusjonar for høgare utdanning: Høgskulen på Vestlandet (Campus Førde) og Fagskulen i Sogn og Fjordane
- Campus Verftet er eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen Sogn og Fjordane og fleire aktørar i det lokale næringslivet. Her er det bygd opp eit felleslokale med laboratorium som kan brukast av både studentar og næringsliv.
- Vi må gjere oss meir attraktive for studentane slik at dei ynskjer å kome hit for å studere, men også for å få fleire til å bli her når dei er ferdig med utdanninga.

Slik vil vi ha det i 2030:

- Vi har skapt ein trygg, attraktiv og levande studentby
- Førde vidaregåande skule er blitt ein attraktiv skulestad

- Vi har auka tal studieplassar tilpassa regionen sine fortrinn og behov i samarbeid med Fagskulen på Vestlandet, HVL, og UiB
- Vi har studentar som er synleg i lokalmiljøet vårt
- Vi har bidratt til at Campus Førde har blitt til eit universitetscampus på Vie i tett samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen, og Helse Førde.
- «Vestlandslegen» er etablert i Sunnfjord – ein regional studiemodell der dei 3 første studieåra på legestudiet vert gjennomført i Bergen, men at ein kan ta dei siste 3 åra i Førde

Dette gjer vi for å få det til:

- Vi tilbyr gode helsetenester, kultur- og aktivitetstilbod til elevar og studentar som går på skule i Sunnfjord
- Vi jobbar for å utvikle gode møteplassar der studentar og innbyggjarar kan møtast slik at studentane blir inkluderte i lokalsamfunnet og bylivet
- Vi jobbar aktivt for å skaffe fleire studieplassar til kommunen ut i frå kva kompetansebehov vi har i regionen.
- Vi styrkar samarbeidet med mellom næringsliv og utdanning kring digitalisering, arbeider målretta med innovasjon og digitalisering og sikrar tilgang til fagleg kompetanse.
- Vi skal saman med næringslivet bidra til at studentar får mogelegheit til å jobbe ved sidan av studia, og synleggjere karrieremogelegheitane dei har i regionen slik at dei fleire blir verande etter endt studietid.

- Vi legg til rette for betre trivsel for studentane gjennom å vidareutvikle tilbodet om kulturturkort og sikre eit aktivt studentsidrettslag
- Vi er aktive med å ta i mot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis
- Vi skal jobbe for eit best mogeleg studietilbod for dei som vil ta vidaregåande utdanning i Førde.
- Vi samarbeider med aktørar på Campus Førde for å legge til rette for at Førde får fleire studentbustader
- Vi sikrar heilskaplege plangrep for arealbruk og transportløysingar for å trekke studentane nærmare sentrum t.d. studentbustader, utvikle kollektivtrafikk, veg, gange og sykkel mellom skule og sentrum.

Planar som særskilt vil følgje opp strategien

- Strategi for studentbyen Førde
- Strategisk næringsplan
- Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

4.3 Vi skal jobbe for grøn næringsutvikling, innovasjon, entreprenørskap og berekraftig bruk av naturressursar

Slik har vi det i 2022:

- Vi har rik tilgang på naturressursar, som vasskraft og mineral. Energibransjen står sterkt i kommunen, og vi har fleire nye IT-selskap som har sitt utspring frå denne

- bransjen. Vi er den største landbrukskommunen i Vestland fylke, og plasseringa med tilgang til bre, fjord og hav har stort potensiale når det gjeld reiselivet i kommunen. Berekraftig bruk av desse naturressursane kan gje store utviklingsmoglegheiter for Sunnfjord.
- Vi er ein stor produsent av rein fornybar energi, og vi er store på naturbaserte næringerar som reiseliv, skog, jakt og fiske.
 - Sunnfjord Utvikling gjennomførte i 2021 ein Nærings- og ringverknadsanalyse for Sunnfjord. Den viser at næringslivet opplever vekst, men at vi må auke tilflyttinga for å halde fram den positive trenden. Mangel på innbyggjarar og arbeidskraft vert peika på som den største trusselen for framtidig vekst og utvikling
 - Vi har høg utviklingstakt i næringslivet. Over 100 nye selskap har starta opp sidan 2016. Det er forventa investeringar på over 700 MNOK dei neste 10 åra.
 - Sirkulære Sunnfjord: vi er i gong med eit prosjekt for å finne potensialet for innovasjon og verdiskaping med eit sirkulært tankesett. To av dei største private næringane i Sunnfjord er valt ut - varehandel og bygg og anlegg.
 - Nordic Mining har fått driftsløyve til gruvedrift på Engebø for å hente ut høgverdig rutil og granat. Engebøprosjektet er omstridd, men blir det gjennomført, får vi ei ny hjørnestensverksemeld i Sunnfjord kommune med mellom 150-300 arbeidsplassar. Prosjektet vil ha store lokale, regionale og nasjonale ringverknader.
 - Sunnfjord kommune har ein eigen reiselivsstrategi, utarbeidd av Sunnfjord utvikling.
 - Fleire større reiselivsprosjekt er under utgreiing t.d.: Gondolbane frå Lunde og opp på Tverrfjellet, Fossesenter, søknad om å bli Nasjonalparkkommune.

Samtidig jobbar vi med å styrke reiselivet og opplevingane kring Nasjonal turistveg Gaulafjellet.

- Vi har eit stort potensiale for friluftsliv med både fjell og elva (lakse- og aurefiske). Det verna vassdraget – Gaulavassdraget – er eitt av dei største vassdraga på Vestlandet.
- Vestland fylke og Sunnfjord kommune manglar beredskapslager for korn

Slik vil vi ha det i 2030:

- Vi er ein næringspositiv og serviceinnstilt kommune med levedyktige primærnæringer og gode høve for nyetableringar
- Vi har styrka og utvikla vår posisjon som den største landbrukskommunen på Vestlandet målt i produksjon.
- Vi har fleire småskalabønder som nyttar seg av turisme og reiseliv som ein tilleggsressurs til gardsdrift.
- Vi nyttar naturressursane våre på ein berekraftig måte med fokus på lokal verdiskaping.
- Vi har auka produksjonen i næringsmiddelindustrien og utnytta vår strategiske plassering på Vestlandet
- Naturbaserte næringer har skapt eit stor antal nye arbeidsplassar i Sunnfjord kommune
- Vestland fylke har fått på plass beredskapslager for korn
- Vi har etablert ei effektiv djupvasskai for eksportretta næringar
- Vi ytterlegare styrka samarbeidet mellom offentleg og privat sektor, og det er auka satsing på næringsklynger.
- Vi har god tilgang på arbeidskraft fordi vi har lukkast med å synleggjere kommunen sine mange fortrinn
- Vi er sertifisert som eit berekraftig reisemål

- Vi bidrar til at Vestlandet er ein kraftregion innan teknologi i helse og omsorg
- Vi har styrka posisjonen vår som eit attraktivt reisemål og har utvikla opplevingar og aktivitetar slik at dei reisande blir lenger i Sunnfjord
- Vi har realisert nokre av dei større reiselivsprosjekta som er under utgreiing.

Dette gjer vi for å få det til:

- Vi skal skape sterke fagmiljø og legge til rette for å etablere næringsklynger og grøn industrielle småskalaprosjekt kring tettstadane våre
- Vi skal synleggjere at både nasjonale og regionale oppgåver kan løysast lokalt frå Sunnfjord
- Vi skal sørge for naudsynt digital infrastruktur i heile kommunen
- Vi er vertskommune for større satsingar knytt til teknologi innan helse og omsorg, t.d. E-helse Vestland, Norse Feedback, Helseforsking Sogn og Fjordane.
- Vi skal samarbeide om grøn utvikling i heile regionen og stimulere lokale næringsaktørar til å fremje grøn næring
- Vi legg til rette for å utnytte potensiale av vasskraft, modernisering av gamle kraftanlegg og flaumdempande tiltak for å redusere skader av ekstremvær og klimaendringar
- Vi skal jobbe aktivt for å auke investeringane til modernisering/effektivisering av landbruksnæringa

- Vi skal saman med Vestland fylkeskommune starte opp arbeidet mot nasjonale mynde for å sikre at arbeidet med regionalt kornlager kjem i gong (jf Hurdalsplattforma). Dette er særskilt viktig i vår region som ikkje produserer nemneverdig med korn sjølv
- Vi tilbyr attraktive og varierte tilbod som gjer at besökande blir lenger i Sunnfjord
- Vi synleggjør og utviklar reisemåtar for å kome seg til og frå Sunnfjord med lage miljømessige konsekvensar
- Vi skal jobbe for å utnytte potensialet innan reiseliv, mineralnæring, utmarksressursar som skog, jakt og fiske
- Vi stimulerer reiselivsbedriftene og bransjen til å nytte lokale råvarer og legg til rette for høgare produksjon og tilkomst av lokale råvarer
- Vi skal satse på å utvikle eit heilårleg, attraktivt og berekraftig reiseliv, basert på oppleving og aktivitet frå fjord til fjell (vandring, fiske, jakt, ski- og vintereturisme, sykkel, kajakk, breopplevingar, Nasjonal turistveg Gaulafrjellet)
- Vi legg til rette for- allmennytige friområde, turstiar, skilting og parkering
- Vi greier ut om vi skal bli Nasjonalparkkommune og jobbar for å skaffe berekraftig tilkomst til Jostedalsbreen for allmenta

Planar som særskilt vil følgje opp strategien

- Plan for klimaomstilling
- Strategisk næringsplan
- Strategisk næringsplan for landbruk
- Digitaliseringsstrategi

- Mobilitetsstrategi
- Kartlegging av natur- og energiressursar
- Reiselivsstrategi for Sunnfjord (Sunnfjord utvikling)

4.4 Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet

Slik har vi det i 2022:

- Vi har ein sterk kulturell grunnmur i kommunen med kulturhus, bibliotek, kulturskule, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst, kultur, arkiv og kulturhistorie.
- Førdehuset er regionalt kulturhus, vår kulturelle storstove og det første fleirbruks huset for kultur og idrett i landet. Vi er no i gang med eit arbeid knytt til rehabilitering av Førdehuset og kva funksjonar huset skal innehalde i framtida.
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum ligg midt i Førde sentrum og bygget har fått internasjonal pris for særprega arkitektur. Astruptunet, Eikaagalleriet og Sunnfjord Museum er avdelingar under Kunstmuseet.
- Det vert arbeidd for å bygge eit visningssenter ved Astruptunet.
- Vi har starta bygginga av Nynorskhuset Førde – som har som mål å bli den største nynorsklynga i landet. NRK, Firda og Teater Vestland blir dei største aktørane i dette klyngemiljøet.
- Vi har i over 30 år vore vertskommune for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival – Skandinavia sin største festival for akustisk folkemusikk og verdsmusikk. Festavalen har om lag 26 000 besökande kvart år.

- Vi opna nyt kulturskulebygg i 2020 lokalisert i tilknyting til Førdehuset.
- Vi har stort konserthus- og teatertilbod både gjennom Førdehuset, Teater Vestland og private kulturaktørar som t.d. Sunnfjord hotell med Larris Scene.
- Vi har mange forsamlings- og grendehus, og eit manfald av organisasjonar og kulturelle aktivitetar.
- Lokalkyrkja i Sunnfjord: Vi har 12 kyrkjebygg og 14 gravplassar i kommunen. Kyrkja er ein aktiv kulturleverandør med tilbod til alle aldersgrupper.

Slik vil vi ha det i 2030:

- Vi har styrka og utvikla posisjonen vår som kulturelt tyngdepunkt i Vestland fylke.
- Nynorskhuset har blitt eit kraftsentrum for norsk språk og kultur.
- Vi er ein aktiv vertskommune for større regionale, nasjonale og internasjonale kultur- og idrettsarrangement.
- Vi har eit breitt idretts- og kultertilbod for innbyggjarar i alle aldersgrupper.
- Astruptunet og visningssenteret trekker mange internasjonale besökande.
- Førdehuset er rehabilitert med nytt, moderne bibliotek, folkeverkstader, ungdomssenter, vektløftararena, turnhall og ny symjehall.

Dette gjer vi for å få det til:

- Vi skal bidra til at kultur- og idrettsaktivitetar har ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunnet

- Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentleg debatt der mangfold, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.
- Vi stimulerer til vidareutvikling av kulturinstitusjonane vi er verkskommune for.
- Vi støttar opp om anleggsutvikling og er bidragsytar for gjennomføring av større regionale kultur- og idrettsarrangement
- Vi skapar gode vilkår både for frivilligheit og profesjonelle utøvarar og institusjonar
- Vi samarbeider med musea i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, lag og organisasjonar om formidling av lokal kunst- og kulturhistorie, samt kulturminne
- Vi profilerer Sunnfjord kommune som eit reisemål knytt til kunst- og kulturinteresse

Planar som særskilt vil følgje opp strategien

- Plan for kultur, inkludering og frivilligheit
- Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Strategi for utvikling av Førdehuset
- Reiselivsstrategi for Sunnfjord
- Kulturminneplanane for dei tidlegare kommunane Førde, Gauldalen, Jølster og Naustdal

5 Arealstrategi

Sunnfjord kommune er i vekst. Dette er både utfordrande og spanande. Kommunen må legge til rette og styre utviklinga slik at Sunnfjord vert endå betre for fleire. Arealstrategien skal hjelpe oss med dette.

Arealstrategien tek føre seg korleis vi fysisk skal utvikle kommunen vår i samsvar med våre mål. Den er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen.

Arealstrategien er ikkje juridisk bindande, men skal bli lagt til grunn når arealdelen i kommuneplanen vert revidert.

5.1 Effektiv arealdisponering

Kommunen vil gjennom ei klimavenleg og forsvarleg forvaltning av areala bidra til god folkehelse, gode bu- og oppvekstvilkår og miljøvenleg transport. Arealstrategien vil bidra til ei utvikling som samsvarar med lokale, regionale og nasjonale målsettingar. Gjennom effektiv arealdisponering tenkjer vi arealøkonomi for å redusere "fotavtrykket" til utbyggingsområde og behovet for transport.

Det er eit mål at arealbruken i Sunnfjord kommune skal vere meir klima- og arealnøytral. Det betyr at vi bør bruke opp att og fortette allereie utbygde areal framfor å bygge ned natur og dyrka mark (jordvern).

Strategiske temakart viser prinsipp for korleis Sunnfjord kommune kan strekke seg mot ei effektiv arealdisponering. I eit 30-årsperspektiv har vi som mål å ha ei meir konsentrert senter- og transportutvikling. Det skal likevel vere høve for avvik på kartet, spesielt når det gjeld næringsareal.

5.2 Utbyggingsmønster og senterstruktur

Ei kompakt utbygging er ønskeleg for å redusere transportbehovet, verne om matjord, sikre kulturlandskap og friluftsområde og gje grunnlag for eit robust kollektivtilbod. Sentrale område bør transformerast/fortettast før nye område vert teke i bruk. Ei slik utvikling vil styrke sentrumsstrukturane og hindre ei byspreiing. Samstundes ønskjer vi å ta heile kommunen i bruk gjennom bruk av "LNF-spreidd bygging" der omfang, lokalisering og formål er nærmare spesifisert i arealdelen, samt kome fram til føresegner i arealdelen som minkar krav til dispensasjonar.

Kommuneplanen sin arealdel vil gje nærmare fastsetting av vekstsoner kring region- og komunesenter, lokalsenter og nærsenter i Sunnfjord (sjå strategisk temakart). Tanken bak å satse på senterstruktur i Sunnfjord, er å styre mot ein meir konsentrert vekst og bygge opp under dei tenestetilboda som finst i sentra i kommunen.


Senternivå	Innhald	Sunnfjord kommune
Region- og kommunesenter	Funksjonar, handel og tenester for heile kommunen, samt kommunane rundt. Hovudtyngda av kommunal forvaltning og besøksintensive tenestetilbod.	Førde
Lokalsenter	Funksjonar, handel og tenester for eit større omland. Desentraliserte kommunale tenester. Styrke kollektivaksar mellom sentra.	Naustdal, Sande, Vassenden og Skei
Nærcenter	Funksjonar, tenester og tilbod til nærområdet. Det nære og daglege.	Bygstad, Viksdalen og Veiring

Figur 7 Definisjon av senternivå i Sunnfjord kommune (jf. Strategisk temakart i fig. 10)

5.3 Store vegprosjekt på riks- og fylkesvegnettet

Store vegprosjekt som ligg inne i Nasjonal transportplan 2022-2033, vil få konsekvensar for arealutviklinga i Sunnfjord:

- E39 tunnel gjennom Hafstadfjellet
- Rassikring-tunnel Rv5 Erdal – Naustdal



Begge desse prosjekta vil gje masseoverskot. Konsekvensane for bruk og plassering av massar, vert ei viktig oppgåve å ta stilling til gjennom arealdelen. Etterfølgande planprosessar bør om mogeleg nytte overskotsmassar til jordforbetningsprosjekt innan landbruket og til rassikringstiltak.


I tillegg er det i gang reguleringsarbeid på fleire store vegprosjekt på fylkesvegnettet og riksvegnettet i Sunnfjord kommune som må følgast opp i arealplanen.

Dei nye vegtrasåne vil kunne påverke utbyggingsmønsteret i kommunen. Det vert viktig å ha eit bevisst forhold til kva vekstretning som er ønskeleg for sentrumsområda våre.

5.4 Næringsareal

Nye plasskrevjande næringsområde skal lokaliseras i nærliken av allereie etablerte næringsområde langs E39 på Skei, Førde, Moskog og Sande. Sjå strategisk temakart.

SUNNFJORD KOMMUNE- STRATEGISK TEMAKART



Figur 8 Strategisk temakart med prinsippskisse for senter- og transportutvikling (illustrasjon: Sunnfjord kommune).



Sunnfjord kommune

5.5 Overordna strategiar for arealplanlegging i Sunnfjord kommune

1. Redusere transportbehovet gjennom samordna bustad-, areal- og transportplanlegging med vekt på mobilitet til fots, sykkel og kollektivtransport.
 2. Legge til rette for høg arealutnytting i by- og senterområde gjennom fortetting og transformasjon. Det skal leggast vekt på god arkitektur, byrom, kulturmiljø, trafikktryggleik, blågrøn struktur og andre miljøverdiar.
 3. Ny bustadbygging i kommunen bør skje innanfor vekstsonene kring senterområda våre (sjå strategisk temakart i fig. 9). I løpet av ein 12 års periode skal det utarbeidast kommunale reguleringsplanar/ sentrumsplanar for å sikre tenestene i sentera våre.
- Sunnfjord kommune vil sikre gode bumiljø i alle livsfasar og stimulere til ein differensiert bustadmarknad i ulike delar av kommunen.
- Kommunen skal gjennom bruk av LNF-spreidd bygging, samt utarbeide føresegner i arealdelen, ta heile kommunen i bruk.
4. Arealdelen må ta stilling til kva område som skal utviklast til plasskrevjande handel og konsekvensar i høve eksisterande sentrum. For Førde sin del vil arealdelen sjå på ulike utbyggingsmønster og konsekvensar av alternativa.
 5. Område avsett i gjeldande kommuneplanar til bygg og anlegg som ikkje er regulerte, og som ikkje er i samsvar med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, skal vurderast særskilt i høve ny plan.
 6. Nye utbyggingsområde vil utnytte eksisterande infrastruktur så langt det lar seg gjere. Tilkomst til viktige frilufts- og naturområde bør sikrast.
 7. Bygging av fritidsbustader vil i hovudsak skje ved fortetting i tilknyting til eksisterande område for fritidsbustader eller i område som vert tilrettelagt for fritidsbruk, reiseliv og naturopplevelingar.
 8. Arealbruken i Sunnfjord kommune bør vere klima- og arealnøytral.
 9. Lokalisere og utvikle utbyggingsområde tilpassa konsekvensane av klimaendringane. Det skal leggast stor vekt på samfunnstryggleik i nye og eksisterande bygeområde.

- 10.** Masseoverskot frå større vegprosjekt i Sunnfjord må bukast samfunnsnyttig. Dersom massane må deponerast, skal ringverknadene for natur og miljø vere minst mogeleg negative.
- 11.** Produksjonsareal for jord- og skogbruk, natur med viktige økosystemfunksjoner, viktige friluftsområde og kulturminneverdiar bør takast omsyn til i arealplanar og utbyggingssaker. Det bør gjennomførast eit arealrekneskap som viser konsekvensane av utbygging av dyrka mark eller naturområde.
- 12.** Utbygging i strandsona og langs vassdrag bør ikkje forringje kvalitet og verdiar som råkar ålmenne interesser som til dømes ferdsel, tilgang og naturmangfald. Samstundes bør det leggast betre til rette for kaier og sjøretta næring i Sunnfjord.

6 Kommuneplanen sin handlingsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel seier noko om Sunnfjord kommune sine prioriteringar og vegval mot 2030. Denne planen skal vurderast rullert kvart 4. år. Handlingsdelen til kommuneplanen med tilhøyrande økonomiplan har eit 4-årig perspektiv, men vert rullert kvart år.

Handlingsdelen gjev oss høve til å prioritere i tråd med satsingsområda i kommuneplanen. Vi har valt å legge opp handlingsdelen slik:

- Handlingsregel
- Mål og utviklingsretning
- Økonomiplan

6.1 Økonomiske handlingsreglar

Handlingsreglane skal sikre ein berekraftig økonomi. Kommunestyret vedtar handlingsreglar som kommunen skal følge under utarbeidning av budsjett og økonomiplan. Kommunestyret er gjennom kommunelova pålagt å følgje opp at handlingsregelen vert følgt, og sette inn tiltak dersom det blir naudsynt. Det gjeldande handlingsreglane er (vedteken i økonomiplan 2020 – 2025):

- Netto driftsresultat (overskot) på minimum 1,75 % i 2021 med ei opptrapping til 2 % i 2023

- Disposisjonsfondet skal vere minimum 5 % av driftsinntektene
- Nye låneopptak (utanom Husbanklån) skal ikkje overstige avdragsutgiftene.
- Den langsiktige gjelda skal ikkje overstige 90 % av driftsinntektene.

Dei årlege budsjetta må utarbeidast slik at det er midlar igjen som kan setjast på disposisjonsfond. Kommunen er i ein utfordrande situasjon. Vi ynskjer å auke kommunen sine reserver, redusere gjelda og bruke eigenkapital til å betale for deler av investeringane.

6.2 Mål og utviklingsretning i økonomiplanen

Handlingsdel til kommuneplanen er integrert i økonomiplanen gjennom å:

- Vise ei tydleg kopling mellom delmål og strategiar i kommuneplanen
- Skildre korleis delmål og strategiar blir følgt opp i kommunen og i sektorane
- Forslag til 4-årige mål og utviklingsretning for kommunen og sektorane
- Synleg kopling mellom mål og utviklingsretning og økonomiske prioriteringar

Strategiane under kvart delmål i kommuneplanen, blir førande for det arbeidet vi gjer på tvers av sektorar. I samband med årleg rulling av økonomiplan skal vi i størst mogeleg grad

prioritere i forhold til vedtekne målsettingar og strategiar i kommuneplanen. For å få dette til, skal kvar sektor gjere greie for korleis kommuneplanen sine målsettingar og strategiar er i varetatt i økonomiplan.

Måloppnåing skal bli vurdert og rapportert enten som grønt, gult eller raudt på om vi gjer det vi skal i "Dette gjer vi for å få det til" under kvart mål. Grønt er høg måloppnåing, Gult er moderat og raudt er låg måloppnåing. Dersom det lyser raudt, skal det løftast opp med forklaring og forslag til korleis ein kan justere.

Dette inngår som ein del av økonomiplanarbeidet og skal takast inn i økonomiplanen kvart år.

6.3 Tiltak for oppfølging av mål i årsbudsjett

Kvar eining skal årleg omtale tiltak for å følgje opp mål og utviklingsretning innanfor sin sektor. Tiltak med økonomisk konsekvens skal gå fram av drifts- og investeringsbudsjett.

6.4 Samanhengen i plansystemet

Figuren under syner korleis dei ulike planprosessane i kommunen heng saman:

Kva er utfordringane våre?	Kva vil vi oppnå?	Korleis skal vi disponere areala våre?	Korleis skal vi jobbe for å oppnå måla	Kva skal vi gjere det neste året? Kva økonomiske rammer har vi?	Kva skal mi eining utføre?	Kva blei resultatet?
  Planstrategi for Sunnfjord kommune 2020 - 2023	  Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2030 Samfunn med Bærekraft - Attraktivitet - Mangfold	  Planprogram Kommuneplanen sin arealdel 2023 - 2034 Framlegg	  Kommuneplan og planteleif - vedtatt juni 2022 Interntrommende plan for bærekraftig utvikling i kommunene Arendal, Søgne, Tysvær og Heskestad 2029-2039 www.kommuneplan.no	  Økonomiplan 2022 - 2025 Sunnfjord kommune	 Hetsfjordspak Sunnfjord kommune 2020	  Årsrapport 2020 Sunnfjord kommune
Planstrategi	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Kommuneplanen sin arealdel	Temaplanar Strategiar	Økonomiplan med handlingsdel	Handlingsplanar for einingane Årsbudsjett	Årsrapport

Samanhengen mellom dei ulike plannivåa i kommunen